



Vindafjord Skogeigarlag
v/ leiar Magnus Frøyland
Tørsdalsvegen 199
5574 SKJOLD

Kontakt saksbehandlar
Stein Bomo, 51 56 89 72

Uttale - utviding av eksisterande tømmerkai Utbjoa i Vindafjord kommune

Vi viser til møte om utviding av eksisterande tømmerkai på Utbjoa og søknad om støtte, datert 17.03.2022.

Uttale til søknaden om utviding er basert på det som finst/er gitt av opplysningar i tidleg fase. Nærmore vurdering og dokumentasjon av grunnforhold og tilstandsvurdering av eksisterande kai må på plass. I tillegg må kostnader, finansiering, drift og avtalar m.m. utgreiast nærmare.

Fakta

Eigar, drift og vedlikehald

Vindafjord Skogeigarlag er eigar av tømmerkaien. Dette er einaste tømmerkai i Rogaland eigd av lokalt skogeigarlag. AT-Skog SA har driftsansvar mens Vindafjord Skogeigarlag har vedlikehaldet.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering, m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront på 25 meter er under middels med 800 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året. Kaien ligg relativt skjerma for ver- og vind, og kan brukast heile året. Baklagerkapasitet er på om lag 1500 - 2000 m³. Kaien ligg strategisk svært godt plassert i skipsleia utan at båtane må ta store omvegar inn i fjordane.

Fleirbruk

Det er ingen faste samarbeidsavtalar om bruk av kaien frå andre aktørar innan skogbruket. Kaien blir leigd ut sporadisk til Nortømmer AS, havbruksnæringa og sporadisk til andre.

Dekningsområde

Dekningsområdet er Vindafjord, Tysvær, Bokn, Haugesund, fastlands Karmøy og Sunn-Hordaland (Etne og Sveio).

Vegstandard

Vegstandard fram til kaien er tilfredsstillande. Det står att berre nokre få kilometer med 19,5 meter og 50 tonn for å få heile strekningen frå E 139 i Ølen til Utbjoa oppklassa til 24 meter vogntoglengde og 60 tonn meter. I tillegg må den kommunale strekningen frå hovudvegen og ned til kaien skrivast opp til 24/60.

Flaskehalsar



Liten kapasitet på kaifront og ekstra kostnader med kipping fra baklager. Kafronten er kort for å kunne takle større båtar. Det manglar i dag klare retningslinjer for fleir bruk mellom skogbrukets aktørar. Det er ei grunne på 5,5 meter i innseglinga som ikkje er merka.

Investeringskostnad

Ei forlenging av eksisterande tømmerkai på 30 meter ekstra, som gir totalt 55 meter kaifront, er estimert til ein utbyggingskostnad på rundt 10 mill. kroner.

Vurdering

Tilgang til andre kaiar

Kaisituasjonen i området er endra, og om kort tid er det i praksis vanskeleg å levera tømmer over kaien i Yrkje-Ramsvik i Tysvær kommune. Skogbruket med sine kortsiktige leigeavtalar må vike for andre og større aktørar som treng denne kaien (oppdrett- og oljebransjen). Det betyr at volum frå Tysvær, Bokn og fastlands-Karmøy vil ha Utbjoa som nærmaste og einaste alternativ.

Eigne og langsiktige kailøysingar

Dessverre ser vi litt for ofte at skogbruket blir skvisa ut til fordel for andre større aktørar frå andre bransjar. Det å ha kontroll og sikre eigne tømmerkaier over tid, er avgjerande for vidareutvikling og utnytting av skogressursane i området. Gode logistikkloysingar er også viktig for å redusera CO₂-utsleppa både frå både båt- og tømmerbiltransport, og for å oppretthalde konkurransekrafta.

Tømmervolum og kaikapasitet

I samband med utbygginga av Søndenåneset tømmerkai i Vindafjord blei det estimert eit årleg volum på 45 000 m³ frå Vindafjord, Etne, halve Sveio og 1/5 av volum frå Suldal kommune. 2/3 av dette volumet (30 000 m³) skulle ut over Søndenåneset tømmerkai og 1/3 (15 000 m³) ut over tømmerkaien i Utbjoa. Det var ikkje teke høgde for at volum frå Tysvær, Bokn, Haugesund og fastlands-Karmøy skulle måtte gå over Utbjoa.

Utan andre kaialternativ i Tysvær blir kapasiteten fort sprengt. Det vil føre til lange omvegar og ekstra transportkostnadar frå områda i sør og vest for Vindafjord. I tillegg gir det ekstra utgifter med meir kipping frå baklager og koordinering og planlegging for å fylle båtane. Ekstra utfordrande blir dette med fleira aktørar og stor hogstaktivitet.

I samband med utbygginga av Søndenåneset hadde vi ikkje tilgang på oppdatert skogbruksplandata (data frå 1996/97). Ny områdetakst i Vindafjord kommune frå 2019 viser vesentleg større volum enn først antatt og lagt til grunn i samband i søknadsrunden på Søndenåneset tømmerkai. Det gjeld spesielt for gran. Det vil gi større press på kaien i Utbjoa og gir behov for større tømmerkaikapasitet i området.

Områdetaksten viser produktivt areal på 170 000 dekar, derav 40 000 dekar med gran i Vindafjord kommune. Ståande volum gran i hogstklasse 3-5 er 1 mill. m³. Det er lite hogstmoden gran, men store areal i hogstklasse 3 og 4, totalt 25 000 dekar. Mesteparten av dette er på høg og super bonitet. Ved riktig hogsttidspunkt vil det være mogleg hauste rundt 1,5 mill. m³ gran. Dersom dette fordelast over 30 år gir det 50 000 m³ med gran årleg. I tillegg finst det ein stor fururessurs med 1 mill. m³ i hogstklasse 3-5. For furu er biletet motsett, med klar overvekt av hogstmoden skog i hogstklasse 5. Dersom etterspurnaden og aktiviteten for furu aukar vesentleg, vil det også kunne utgjere relativt store årlege volum.

Det som er av styrst betydning, er at Utbjoa må ta imot det meste av hogsten frå Tysvær, Bokn, Haugesund og fastlands-Karmøy, når Yrkje-Ramsvik stenges for utskiping av tømmer. Vi har ikkje oppdatert skogbruksplandata for Tysvær og dei mindre kommunane sør for Tysvær. Den siste skogbruksplanen i Tysvær kommune er 20 år gammal. Den viser eit produktivt skogareal på vel 110 000 dekar, av desse er 25 000 dekar gran. Det er overvekt av gran i hogstklasse 2 og 3. For Tysvær vil



granhogsten og dei største voluma kome noko seinare enn i Vindafjord. I tillegg er det ein god del furu. Det er ikkje usannsynleg med ei volum på 15 000 – 20 000 m³ samla frå dette området i same 30 års periode. Tyngdepunktet for skogressursane sør for Vindafjord er i Tysvær og Nedstrand området, og der konsekvensane ved bortfall av Ramsvik kai blir størst.

Prioriteringsgrunnlag

Rogaland skognæringsforum har utarbeidd eit grunnlag for prioritering av tilskot til tømmerkaia i Rogaland (2013). Utbjoa tømmerkai var ikkje med på prioriteringslista dengongen fordi ein vurderte at det var greie alternativ for leige av kai i Tysvær gjennom Yrkje-Ramsvik. Stenging av Yrkje-Ramsvik kai er noko Skognæringsforumet ikkje har teke høgde for, og gjer at ein må fråvika tidlegare prioriteringar.

Innsparingar

Ein meirkostnad på 50 kr/m³ er ikkje usannsynleg med rundt 40 km med ekstra transport på alt volum frå Tysvær, Bokn, Haugesund, fastlands-Karmøy. Eit volum frå Tysvær m.fl. på berre 10 000 m³ gir store utslag. Dette aleine utgjer ein årleg gevinst for skogeigarane på 500 000 kr. Med ei forventa auke i volum på sikt vil gevinstane auke ytterlegare. For skogeigarane og økonomien betyr dette mykje for skogbruket i området.

Nytte/kostnad

Skogbruket og samfunnet vil få mykje igjen for kvar krone i investeringsstøtte vurdert opp mot ressursane i dekningsområdet om ein legg kostnadsrammene som er skissert i prosjektet til grunn.

Strategisk og godt plassert

Vi vi framheva at denne kaien ligg svært strategisk i skipsleia og er blant anna viktig for skurtømmer som skal til Moelven Granvin bruk.

Samarbeidsavtale

Det blir sett vilkår om å utarbeide samarbeidsavtale mellom eiger av kaia og andre skogaktørar for ved løyying av tilskot til tømmerkai. Ei utviding av Utbjoa vil difor sikre at ein får ein slik samarbeidsavtale som ikkje finst mellom aktørane i dag. Utbjoa er ikkje bygd for å takle den utviklinga vi no ser. Stadig større drifter og fleire tømmeraktørar gjer det utfordrande å få ein rasjonell tømmerflyt over små kaifrontar og fører til store ekstrakostnadene.

Konklusjon

Statsforvaltaren støttar initiativet til å bygge ut Utbjoa tømmerkai for å sikre at skogeigarane og skogbruket får ei framtidsretta tømmerkai tilpassa forventa tømmervolum, større båtar, store drifter og fleire tømmeraktørar. Kaien vil vere spesielt viktig for kommunane Tysvær, Bokn, Haugesund, fastlands-Karmøy som ikkje har andre gode alternativ når Yrkje-Ramsvik stenger for utskiping av tømmer.

Med helsing

Birgit Sundbø Hagalid
fylkesskogmeister

Stein Bomo
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Tysvær kommune Næringsavdelinga Postboks 65 5575 Aksdal



ROGALAND SKOGNÆRINGSFORUM
AT SKOG SA
NORTØMMER AS AVD RANDABERG
Vindafjord kommune

Pedersgata 32C 4013 STAVANGER
Postboks 116 Sentrum 3701 SKIEN
Strandbakken 4070 RANDABERG
Rådhusplassen 1 5580 ØLEN